

Erlend Vaktskjold
Fagervollen 37
5956 HUNDVIN


10.05.2017

Lindås kommune
Vatn og Avløp
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Oppfølging til søknad om dispensasjon frå byggjegrænse til VA nett

Eg viser til min søknad om dispensasjon 29.10.2016 og svar på søknad 03.11.2016. Eg vil med dette komme med nye presiseringar.

I min søknad la eg ved kartusnitt VA nett med påteikna byggeplassering. Denne viste 0.6m mellom søylepunkt og avløpsledning. Eg har sidan fått vurdert av entreprenør Magne Hope som bygde veg og VA nett, at avløpsledning ikkje kan ligge slik den er teikna inn i kartusnitt VA nett. Magne Hope har i si tid meldt inn plassering av kummer, ikkje trase for ledning. Såleis er ledning teikna inn med rette linjer mellom kummer. I røynda ligg veg og ledning i ein bue mellom desse to kummer. Eg har ikkje vore i stand til å etablere presis plassering av ledning, men kan konstatere ved måling på plassen at asfalt-kant er 2.2m frå søyle. Ledning vil liggje tilsvarande, eller lengre frå søyle. Situasjonen er illustrert på figur under til høgre.



Ut frå dette er min påstand at omsøkt byggeplassering er i samsvar med vilkår for dispensasjon gjeve 03.11.2016.

Dersom kommunen ikkje er samd med min påstand, må dei sjølve finne nøyaktig plassering av ledning.

Venleg helsing

E. Vaktskjold
Erlend Vaktskjold